



Årsrapport 2022



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd




Eit innhaldsrikt år

Då vi stod på terskelen til fjoråret var det framleis uvisst kor lenge smittevern og restriksjonar ville legge band på akitivitatar og samvær i kyrkja og samfunnet. Eit år seinare kjennest det kanskje som desse problemstillingane stammer frå ei fjern fortid, men så seint som til påske i 2022 var utfordringane høgst reelle. Kjensla av at tida har gått har nok samanheng med at det har vore eit innhaldsmetta år i mellomtida.

Våren 2022 gjekk Russland til invasjonskrig mot Ukraina, og bygda vår fekk brått ta imot nyankomne krigsflyktingar frå Europa. Det vart halde innsamlingskonserter i Os kyrkje både om våren og før jul, i tillegg til temasamlingar og andre markeringar gjennom året, for å markere solidaritet og opne kyrkja for både ukrainarar og andre. Vi har alle kjent på korleis dette nye alvoret har kome nær og preger kvardagen. Vi ber for våre sysken og medmenneske og søker meiningsfulle og trøystande fellesskap. Og i 2022 erfarte vi at kyrkja i denne situasjonen kan romme både bøn, samhald og mobilisering til handling.

I laupet av året har fleire nøkkelpersonar i stab og blant frivillige vorte avløyst av nye krefter. Dei økonomiske rammevilkåra for kyrkja er slik at vi må våge å endre og tilpasse oss nye tider, utan å miste visjonen vår av syne - Os kyrkjelyd skal bringe menneske nær Kristus, nær kvardagen og nær kvarandre.

I årsrapporten kan du få eit innblikk i den mangfaldige verksemda som spring ut frå Os kyrkjelyd. Vi håper du blir inspirert til å ta del òg i åra som kjem!



Bente Brøvig Strømme, leiar Os sokneråd

Os sokneråd 2019-2023

Os sokneråd er demokratisk valde av kyrkjelydens medlemmar for perioden 2019-2023 og har i 2022 bestått av:

Bente Brøvig Strømme, leiar
Per Gunnar Lunde Oseng, nestleiar
Christine Westgaard Lund Halland
Inger Jonette Indset Botnevik
Jon Håkon Øen
Jorunn Hodneland
Knut Inge Johnsen
Malin Nøss Vangsnes

Varamedlemmar:

Arne Tveit
Nils Sørbo
Kjell Jarle Aadland
Becky Ogwu Hesjedal
Thorstein Skårnes

Knut Inge Johnsen gjekk bort i november 2022. Han var engasjert medlem av kyrkjelyden og denne siste perioden òg i soknerådet. Som følgje av hans bortgang vart fyrste vararepresentant Arne Tveit ordinar rådelem frå desember 2022.

Organisasjon

Tilsette i Os sokn

Dei som jobbar i kyrkjelyden er tilsett av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, med tenestestad i Os sokn.

I laupet av 2022 var det følgjande endringar i staben:

Frå 1.1.2022 tok **Sigurd Rotvik Tunestveit** til som dagleg leiar for Os sokn. Han overtok jobben frå Linda Ekerhovd.

Anton Proskurnin var deltidstilsett som organist i soknet fram til februar 2022.

Elin Oldervoll Moberg, konsulent i administrasjonen for kyrkja i Os gjennom 25 år, gjekk av med pensjon til sommaren 2022. **Inger-Johanne Haugland** gjekk då frå frivilligkoordinator-rolla over til ein del av dei administrative oppgåvene, i tillegg til utleige av Tunet kyrkje- og kultursenter.

Hege Kathrin Varhaug-Lekven takka for seg til sommaren 2022 etter mange års teneste i barne- og familiearbeidet og trusopplæringa. **Elisabeth Saxe Vinkler** kom hausten 2022 inn som ny trusopplærar og frivilligkoordinator.

Ivar Stensland var tilsett som vikarierende ungdomsleiar frå august 2021 til juni 2022. I fortsettinga gjekk **Martin Bakke Slåttsveen**, som frå før hadde ein mindre stilling innan kommunikasjon, inn som ny vikar i ungdomsarbeidet, i lag med **Anna Blindheim Skjælaaen**.

Følgjande medarbeidarar har ellers vore tilsette gjennom heile året:

Andrew Paul Holman, kontor

Gro Helen Blindheim Skjælaaen, kateket under utdanning

Ingrid Vik, diakon

Monica Refsdahl, konsulent

Sylvi Lundgren, barne- og familiearbeidar

Prestar

Prestane som gjer teneste i soknet er tilsett av Den Norske Kyrkja i Bjørgvin bispedøme, Fana prosti. Dei tre prestane som har sitt virke i Os kyrkjelyd har gjennom 2022 vore sokneprest **Roar Hallesby Evjedal**, kapellan **Anette-Emilie Gangstø** og prostiprest **Svante Havåg**. Desse tre arbeider tett med øvrig stab om utforming og gjennomføring av gudstenester, trusopplæring og andre tilbod og aktivitetar.

Andre tilsette i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Kristine Fjeld er kyrkjeverge i Bjørnafjorden og organisasjonens øvste leiar i kommunen. Då Kristine vart sjukemeldt i november 2022 gjekk dagleg leiar i Fusa sokn **Hans Einar Markhus** inn som fungerande kyrkjeverge.

Blant dei øvrige tilsette i fellesrådet er m.a. driftsleiar **Kenneth Molland**, som ivaretek tryggleik, drift og vedlikehald i kyrkjebygg og på gravplassar.

Agnar Midtsæter, **Lars Joar Hilleren** og **Linn Kjerstin Østgulen** arbeider med kyrkjegardar og som kyrkjetenarar.

Marianne Tveit, **Terje Rød** og **Øyvind Dreyer** er kyrkjegardsarbeidarar i soknet, medan **Jakob Nygard** og er tilsett som kyrkjetenarar.


Gudstenester

og kyrkjelege handlingar

Os kyrkjelyd har tre hovudtypar gudstenester:

- Høgmesse
Som regel to gonger i månaden i Os kyrkje og ein gong i månaden i Nore Neset kyrkje
- Familiegudsteneste
Som regel ein gong i månaden i kvar av kyrkjene
- Gudsteneste med band
Som regel ein gong i månaden i Os kyrkje

Hausten 2022 vart eit nytt gudstenesteutval skipa, der fem engasjerte kyrkjelydsmedlemmar i lag med sokneprest kjem med innspel til innhald og utvikling av gudstenestene våre.



Totalt var det 16110 deltakarar på gudstenestene i Os sokn i 2022.. Dette talet er høgare enn på mange år og såleis gledeleg å registrere. Grafen ovanfor syner utviklinga over tid, og illustrerer både korleis covid-pandemien påverka vårt viktigaste samlingspunkt, og dessutan ein gradvis nedgang i antalet deltakarar. Overgangsåret 2022 hadde ein god del fleire gudstenester enn i eit normalår, men samtidig færre enn året før. Snitt-talet på deltakarar er no om lag som i 2018 og 2019. Tal på konfirmantar og dåpsborn er andre indikatorar som må samanhaldast med desse tala for å få eit meir heilskapleg bilete.

I 2022 var det:

- 152 konfirmantar
- 37 vigslar
- 0 forbønshandlingar for borgarleg inngåtte ekteskap
- 119 gravferder eller bisettelser
- 125 dåp

Som tidlegare følger vi ekstra med på antal døypte. Andre tal har gjerne naturlege svingningar som ein må justere for, også utanfor pandemi-tider. Dåps-talet kan tyde på at hovudtrenden frå før Covid-19 held fram, og "etterslepet" av born frå 2020 til 2021 ser ut til å vere utlikna. Den gradvise nedgangen over fleire år held såleis fram, og går att i andre statistikkar på landsbasis.

Tunet

kyrkje- og kultursenter

Storstova vår huser både våre egne aktivitetar, kontor og lagerrom, men Tunet kyrkje- og kultursenter har endå rom til fleire. Både kommune, organisasjonar og private leiger lokalar til møter og tilstelningar der ein treng lyse og flotte lokalar med gode fasilitetar. Å drive med utleige gjev inntekter, men krever òg at vi har høge krav til reinhald, tryggleik og vedlikehald av utstyr og bygg.

Økonomi

Faste gjevarar har vore ei bærebjelke i finansieringa av Tunet i mange år, og vi nyttar høvet til å takke for at så mange vel å støtte Tunet økonomisk frå månad til månad. Med store lån etter utbyggingane på 2010-talet har rentehevingane i 2022 påverka driftsøkonomien merkbar, og vi jobber for å rekruttere nye gjevarar (om enn med mindre beløp) som ynskjer eit levande kyrkjelyds- og kulturhus i Tunet. Mange har merkt dyrtida vi er inne i på lommeboka, og det gjer oss audmjuke og takksame for dei over 500.000 kroner som kom inn gjennom gjevarteneste og andre gåver frå private, i tillegg til offer i gudstjeneste til eige arbeid ved ulike høve. Dette kjem godt med når vi av rekneskapet for 2022 ser at samla lånekostnader (renter og avdrag) ligg i overkant av 1 million kroner.

Eit stort bygg er kraftkrevande og straumkostnadane i 2022 sprengde alle prognosar. Ordning for straumstøtte til organisasjonar kom på plass i laupet av våren, og totalt kom straumkostnadane våre på drøyt 160000 etter at straumstøtta er rekna inn. Straumbesparande tiltak vart iverksett i både Tunet og kyrkjene, og vi vil jobbe vidare med å optimalisere systema våre i 2023.

I budsjettet for 2022 var det avsett pengar til bygningsmessig utbetring av fasader enkelte stader, samt arbeid med m.a. ventilasjonssystem. Det er òg planlagt utbetringar av inngangspartiet for å gjere det meir brukarvennleg for rullestolbrukarar og andre med rørsleutfordringar. Noko av dette vart gjennomført, medan dei største prosjekta måtte overførast til 2023. Det vart difor sett av midlar på disposisjonsfond til dette føremålet.

Inntekter frå utleige gjekk som venta kraftig opp frå dei foregåande åra, og vi nærmar oss 400.000 i årlege leigeinntekter frå eksterne grupper. Dette inkluderer ein ikkje ubetydeleg inntekt frå minnesamvær.

Minnesamvær i Tunet

Med eineståande medhjelparar og flotte lokale er det fint å kunne tilby minnesamvær i Tunet.

I 2022 hadde vi 11 samvær med til saman 865 gjestar. dette gav ein netto inntekt på rundt 90000 kroner. 12 frivillige leverte 187,5 timeverk/41 dagsverk. 704 personar har vore innom Tunet.

Tilleggsinfo -kjekt å vite: Statistikken viser at totalt i begravelser gjennom året i dei to kyrkjene våre var 9 846 personer. 9 % deltok i minnesamvær i Tunet. Utfordringar: vi ønskjer hjelparar til å rigge bord og stolar på jamleg basis i Tunet. Med knappe stabs-ressursar kan det bli mykje praktisk arbeid på

Andre tiltak for Tunet

Fleire gode initiativ frå frivillige har resultert i kjekke aktivitetstilbod for Tunet og samstundes gode inntekter for å få driften til å gå rundt.

Onsdag føremiddag er golvet i Storsalen dekt av treningsmatter, når tilbodet "**Trim for Tunet**" finn stad. Fysioterapeut Bente B. Strømme vegleier i lett trening og fysisk aktivitet. Det trengs påmelding til desse populære kursa, og semesterkontigenten går uavkorta til drift av Tunet.

Etter treningsøkta finn mange vegen til "**Strikk til Tunet**", der handarbeidet og lunsjen er utgangspunkt for sosialt samvær med låge skuldre - og der det som blir laga loddast ut på den årlege Strikkebasaren. Strikkegjengen selde lodd og fekk inn om lag kr. 55000,- øyremerkte til ekstra nedbetaling av lån på Tunet.

Den frivillige gruppa som steller til **Torsdag i Tunet (TiTT)** fortener òg å nemnast, då interessante foredrag, kulturarrangement og debatt opnar huset for eit vidare publikum og synleggjer for bygda at Tunet er eit kultursenter så vel som eit kyrkjelydshus.

Arbeid for og med barn

og barnefamiljar

Barnesamlingar

Barnesamlingar er gudsteneste for borna, der ein undervegs i den ordinære gudstenesta går i lag og leitar etter skattar i bibelfortellingane, skapar og har det kjekt i lag. Programmet er vanlegvis basert på Søndagsskolen sitt undervisningsopplegg. Barnesamling i Nore Neset har rundt 5-10 born på kvar samling. Barnesamling i Tunet har rundt 10-15 born på kvar samling.

Annonseringa på Facebook, kunngjeringslappar og i avisa er lik mellom dei to kyrkjene. I frå hausten 2022 er foreldre sjølv ansvarlege for å melde borna inn i Søndagskulen..

Familieleir på Wallemtunet

Våren 22 (11-13 mars) arrangerte vi leir på Wallemtunet for dei som er med som leiarar i barnesamlingane. Etter to år med restriksjonar var behovet for å møtast og vere saman stort. Det var 45 små og store som stilte på leir på Kvamskogen/Wallemtunet. Her la vi opp til forkynning til Gullivergjengen (0-5år) Tårnagentar (6-9 år) og til Aldri åleine gjengen (10-13 år). Det vart ei kjekk helg med både skikøring og gudsteneste. Det var samlingar for dei minste og for dei største. Vi kunne ha spilt og sunge meir, og ynskjer gjerne å samlast slik ved fleire anledningar.

Fredagstaco

Fredagstaco er fellesskap med forkynning, song, leik og mat som passar for heile familien. Det er om lag 3-7 familiar (8-30 pers) som møter kvar gang. Arrangementet er på fredagsettermiddag 16.00-18.00. Det er tilrettelagt for at ungdomane kan gå rett vidare på KRIK frå fredagstaco. Serveringa er enkel og alle deltar i å få maten på bodet og oppryddinga etterpå. I 2022 arrangerte vi 5 tacofredagar i Tunet.

Speidaren

Os KFUK-KFUM Speidarar har tilhald på "Speidarloftet" i Tunet kyrkje- og kultursenter og har nær tilknytning til kyrkja på fleire måtar. Kyrkjeflaten er ofte utgangspunkt for store og små ekspedisjonar, og friområdet kring Nore Neset kyrkje er òg spennande. Den store speidargudstenesta i adventstida er eit fast høgdepunkt i kyrkjelyden og ei aktiv speidargruppe bidreg til eit spennande friluftstilbod for born og unge.

Familiekoret ShubaDubs

ShubaDubs er familiekoret som har hatt øving annan kvar veke i 2022. Dette koret er plassen der 2,5 åringar til dei er 5 år får vere midtpunktet. Det har vert rundt 14 born som har møtt og deltatt på aktiviteten. Kvar gang er det nokre av føresette som har ansvar for å smøre på blingser som vi et i eit felles måltid på slutten av øvinga.

Leiinga av koret er ved ein dirigent og ein som spelar gitar/trommer. Utover det så må føresette vere med å ta ansvar for borna sine og hjelpe til at det blir ein trygg plass for alle.

Det vart laga ei kveldsmatliste som føresette sjølv må bytte innbyrdes om dei kan/ikkje kan lage kveldsmat. Det blir lagt opp til at det er to som har kveldsmat ansvaret kvar gang.

Våren 22 hadde vi øvingslokale i Storsalen på Tunet kyrkje og kultursenter. Vi ser at dette lokalet blir for stort og kjensla av gymsal for dei yngste blir så stor at det blir mykje springing. Hausten flytta aktiviteten til Eldstova i Tunet kyrkje og kultursenter., Det passar betre med antall familiar som er med og det er lettare å få roa borna i forsamlinga.

På hausten gjekk vi vekk frå Facebook sida og til å bruke SPOND som plattform for informasjon. Der melder alle ifrå om dei kjem eller ikkje, så det vert enklare å vite kor mykje mat ein skal kjøpe inn. Der vert alle minna på om det blir øving eller ikkje og eventuelt om det er anna informasjon som kan vere viktig å få ut.

Tunet barnekor

Tunet Barnekor er barnekoret for dei som går i 1.-4. klasse. Organisert i KFUK-KFUM. Semesteret skulle pangstarte med festival i Ytrebygda, men det vart dessverre flytta grunna corona. Denne våren hadde Tunet Barnekor øving annankvar veke i Spegelen i Tunet kyrkje og kultursenter. Då vi kom ut i april vart Ytrebygda festivalen arrangert og det var ein god gjeng med born som fekk delta på festival.

Det var 15 born som var påmeldt koret denne våren.

Tunet Barnekor brukte Facebook som informasjonsplattform denne våren, før ein del av det nye korprosjektet "KOReDU" innebar å ta i bruk plattformen Spond for kommunikasjon på hausten. Dei frivillige leiarane i Tunet barnekor gjennom fleire år har gjort ein strålende jobb med å bygge opp koret, og det har samtidig synt seg utfordrande å finne nye frivillige arvtakarar. Dette var ein del av bakgrunnen for å forsøke eit felleskor med TweenSing frå hausten 2022.

TweenSing

TweenSing er koret for dei som går på 5.-7.trinn. Organisert i KFUK-KFUM. I vårsemesteret hadde vi dirigentar som var skuleelevar på Kongshaug. Kvar veke møtast TweenSing til øving i Os kyrkje. I løpet av semesteret lagde TweenSing sin eigen logo. Denne logoen fekk vi trykt opp på t-skjorter og på hettejakker då vi var på besøk på Skaparstova. Vi finansierte prosjektet ved at vi var med å selje tulipanar for Os Lions Club på tulipanaksjonen.

Det var 8 som var faste medlemmar av TweenSing denne våren.

Som sommarkonsert inviterte vi familiane til koret, JoinUs og Tunet barnekor til å komme å sjå oss i Os kyrkje. Det var mange som song solo for fyrste gang og fleire utfordra seg sjølv og opplevde meistring på ein god måte ved dette høvet!

På øvingane har borna hatt med seg nistepakke som blir ete når vi har andakt. Det har vert ei koseleg stund med mat, leik og refleksjon.

På vårparten hadde vi samarbeidsmøte mellom TweenSing og Tunet barnekor for å sjå på moglegheitene for samarbeid i haustsemesteret. Då gjekk vi inn for at Tunet barnekor og TweenSing skulle ha eit felles prøveprosjekt som kor for 1.-7. trinn, i fyrste omgang fram til korfestivalen i Skjold i oktober 2022.

Prosjekt frå hausten 2022: KOReDu

KOReDu er eit prosjektkor for 1.-7. trinn der Tunet barnekor og TweenSing syng i lag. Endringa var knytt både til leiarressursar og til ynskje om å få til gode synergjar mellom aldersgruppene og å få til felles song i ei litt større gruppe. KOReDu Tweens har øving kvar veke, medan felleskoret møtast annankvar torsdag samtidig med familiekoret Shuba-Dubs, slik at familiar kan delta i lag..

KOReDu hadde i alt 20 medlemmar, 12 frå Tunet Barnekor og 8 frå TweenSing. Øvingane foregår i Tunet.

Oktober 2022 deltok KOReDu på korfestival i Skjold kyrkje arrangert av KFUK/KFUM. Her møtte vi fleire andre kor frå området og vi fekk vere med på mykje kjekt! Nye songar vart øvd inn, og ein kunne delta på m.a. hobbyverkstad, dramagruppe, bakegruppe og dansegruppe. Nokre av tweensa overnatta og fekk med seg globallop og kampkveld. Søndagen deltok felleskoret på gudstenesta og dei ulike gruppene fekk vise kva dei hadde arbeidd med gjennom ulike innslag, alt frå legobygging til foto. Til festivalen vart det laga eigne t-skjorter med KOReDu-logo. I tillegg har KOReDu delteke på Julemessa og gudsteneste på julaftan. Fleire av songarane har óg vore med på familiegudstenestene som forsangarar denne hausten. Evalueringa i slutten av prøvesemesteret viste at dette gav meirsmak, og KOReDu held fram i 2023.

Aldri Åleine

Aldri åleine er ein samlingsplass for Tweens 5.-7. klasse. Her får dei trusopplæring gjennom eit undervisningsmaterieil som er utarbeida av Acta, Søndagskolen Norge, NLM Ung, Blå Kors og NLA Høyskolen. Aldri åleine er organisert i Søndagskolen.

Ein gang i månaden møtast tweens til undervisning, samtale og pizza i Eldstova i Tunet kyrkje og kultursenter. Samlingane er lagt til søndagskveld.

Våren 2022 hadde vi pakke 3 som undervisning. Den har fokus på Jesus og trusvedkjenninga. Desse samlingane har vert med å styrke tweensa sin relasjon til Jesus gjennom undring, erfaring, fellesskap og mangfald. Hausten 2022 hadde vi pakke 4 som undervisning. Den har fokus på "Vegen, Sanninga og Livet".

Vi utforsker nokre av dei store spørsmåla. Gje dei rom for undring, der det er lov å spørje, tvile, tru og vere undervegs. På denne måten gje tweensa verkøy som kan vere til hjelp i kvardagen deira i møte med desse spørsmåla (no eller seinare) - og skape ei trygg tru på Gud som har den heile, vide verden i si hand.

Trusopplæring

I tillegg til det kontinuerlege aktivitetstilbodet for ulike aldersgrupper har Os kyrkjelyd utarbeidd ein plan for spesielt innretta trusopplæringstiltak for kvar enkelt aldersgruppe frå dåpen og gjennom barneåra og ungdomstida. Trusopplæring foregår gjennom både desse spissa tiltaka og deltaking i våre faste møteplassar, framfor alt gudstenestene. Men òg barnekor, ungdomstilbod, foredrag og kveldsbibelskule for vaksne må seiast å vera del av trusopplæringstilbodet vårt i vid forstand. Ein blir aldri utlærd, og har godt av å bryne seg på ny kunnskap gjennom heile livsløpet!

Dåpen (0 år)

I dåpen vert ein innlemma i kyrkjelyden som eit nytt medlem, helsa velkommen og gjeve eit fyrste møte med kyrkja. I 2022 hadde vi 125 dåpsborn.

Babysong (0-1 år)

Babysong-kursa er for å læra litt om musikalsk samspel med det vesle barnet og møte andre som er i spedbornsfasen. Kursa gjekk i 2022 både i Nore Neset kyrkje og i Tunet kyrkje- og kultursenter og laup typisk over 8 samlingar. Eit inspirerende kurs i babysong for kurshaldarane i stab var med å gje ny energi til å utforme kursa på ein ny måte hausten 2022.

I alt 67 born deltok på babysong i 2022.

Dåpshelsingar (1 og 2 år)

Ved fylte 1 og 2 år sender kyrkjelyden ut ei dåpshelsing til borna i posten, fyrst ei spisebrikke med motiv frå Noas ark, og deretter ein CD. Det er meint å gje støtte til å følge opp trua og relasjonen til kyrkja i heimen, og minne om at det finst aktivitetar og tilbod å delta på for borna og familieane deira.

Adventssamling (3 år)

I november 2022 vart det igjen invitert til adventssamlingar i både Nore Neset kyrkje og Tunet, der i alt 34 små deltakarar fekk høyre julefortellinga, perle ei julestjerne, ete graut og leike i lag.

Utdeling av 4-årsbok

Fireåringane får invitasjon til å delta på ei gudstjeneste der dei får si eiga bok med tekst, bilete og kjekke aktivitetar. I 2022 fekk i underkant av 30 fireåringar utdelt bok i ei av kyrkjene.

Påskevandringa "Opplev påsken" (5 år)

Veka før påskeferien set inn inviterte vi igjen femåringane til Os kyrkje for å "oppleve påsken", vår eigen vri på det engelske opplegget "Experience Easter". Stasjonar rundt i kyrkjerommet som tek for seg hendingane i påskeveka, frå palmesøndag til påskedag, formidlar påskebodskapen på ei konkret og tydeleg måte for denne aldersgruppa. Mange frivillige deltek med formidling og tilrettelegging, og i 2022 kunne vi igjen gjere denne rundreisa i kyrkjerommet utan restriksjonar.

Heilt førsteklasse! (6-7 år)

Dette er eit opplegg over fem samlingar som tek utgangspunkt i historiar og opplegg frå 6-årsboka, men som òg inneheld andre aktivitetar og spennande utfordringar for førsteklasingar, mellom anna førstehjelp. Felles kveldsmat gjev òg ei fin ramme for fellesskapet. Samlingane fann stad i mars/april, og siste samling var samanslått med femåringanes tiltak "Opplev påsken". I alt 22 førsteklasingar deltok i 2022.

Skapingsdagane (7-8 år)

Skapingsdagane er eit flaggskip i trusopplæringa vår, med tre kreative dagar like etter skuleslutt for 1. og 2. trinn. Skapingsgudstenesten på Kyrkjeflaten som avslutter det heile var som vanleg bada i sol, og rundt 60 deltakarar kjente på skapartrongen og undringa over skaparverket i lag desse dagane.

Tårnagentar (9 år)

Tårnagent-arrangementet vart i 2022 dessverre avlyst grunna sjukemeldingar og ressursutfordringar i stab.



Lys Vaken (11 år)

Frå Skapingsdagane 2022. Foto: Martin Bakke Slåttsveen

Lys Vaken har i fleire år vore eit svært populært arrangement der 11-åringane overnatter i kyrkje-rommet og deltek på søndagsgudsteneste. Dette arrangementet er samstundes ressurskrevande og måtte i 2022 dessverre avlysast grunna sjukdom.

Konfirmasjonstida (14-15 år)

I 2022 hadde Os 154 konfirmantar, som gjennom skuleåret 2021-2022 deltok i varierte aktivitetsgrupper, "Puls-helg" med undervisning, fellesskap og gudsteneste. Undervisning og aktivitet var relativt adskild og spreidd utover vekedagane med denne modellen.

Hausten 2022 starta eit nytt konfirmant-kull på 170 ungdommar, og ein ny struktur for konfirmantopp- legget vart iverksett. Etter oppstartshelg med vel- komst på fredags-happening, "kræsjkurs" i gudste- neste og ein introduksjon til aktivitetsgruppene, kom samlingane inn i ei rytme der Os kyrkje og TUNET husa halve konfirmantkullet av gongen, og både un- dervisning og aktivitetar fann stad i løpet av intense, men kjekke onsdagskveldar. Semesteret vart runda av med ei stemningsfull "lysmesse" i desember der heile konfirmant-kullet deltok. Konfirmantane haldt fram våren 2023 med mellom anna spennande leirar og deltaking på Fasteaksjonen i mars. Denne model- len for konfirmantopp- legget er under evaluering og vidareutvikling for å gje gode opplevingar og ein god introduksjon til våre løpande, opne ungdomstilbod, samstundes som vi bruker ressursane våre fornuftig.

UNGDOMSTUNET

Ungdomstunet er paraplyen for ungdomsarbeidet i Os kyrkjelyd. Her foregår både breiddeaktivitet og leiartrening, vekefaste møteplassar, leirar og mykje meir. For det meste er aldersgruppa for aktivitetane frå 8. trinn og oppover.

Ungdomstunet har samarbeid og tett kontakt med KRIK Os. Det er òg fleire ungdommar som er engasjerte i speidargruppa. Vi samarbeider òg med ungdomsarbeidet i nabokyrkjelydane i Birkeland og Sædalen.

Ungdomsarbeidet starta opp med restriksjonar i byrjinga av 2022, men tilpassa aktivitetar kunne vi ha likevel. Ungdomstunet tilbyr ungdom i aldersgruppa 8.klasse-3VGs eit variert fritidstilbod. Ivar Stensland var ungdomsarbeidar frem til sommaren 2022, deretter vart Martin Bakke Slåttsveen tilsett i ein 20% stilling og Anna Blindheim Skjælaaen tilsett som 50% ungdomsarbeidar midlertidig i påvente av ei meir permanent løysing. Dette sytte for god kontinuitet gjennom ein krevande overgang, og dei to unge leiarane som sjølv har vakse opp i miljøet kring Ungdomstunet vidareførte miljøbygging, samhald og eit inkluderande fellesskap i ungdomsgjengen.

Happening

Happening er fredagsamlingane i Tunet for ungdom. Her samlast om lag 50-90 ungdommar i eit sosialt fellesskap. Med aktivitetar som, sumobryting, brettspel, temakveldar og mykje meir! Eit inkluderande fellesskap. Vi opplev at ungdommar kjem frå fleire stader utanom kommunen som Bergen kommune.

Galla

Galla er eit høgdepunkt i året for ungdomstunet, her steller ungdomsarbeidare, stab og frivillige i stand ein stor fest for ungdommane i ungdomstunet! Vi vil vise at vi setter pris på kvar enkelt som er med i ungdomstunet. Arrangementet er ikkje berre for ungdommar i ungdomstunet, det er for alle som ynskjer å delta, kyrkjelydar frå Bergen har tatt turen innom desse store galla kveldane. Det er stordekkabord, med taler, konfetti, mat, aktivitetar! I 2022 har

KFUK-KFUM JoinUs TenSing

JoinUs har vidareført pilotprosjektet og held framleis på å utvikla dette. De møtes framleis onsdagar kl 18:30-21:00 i Tunet. Det er 20-30.ungdommar som møter fast, de har moglegheit å vele mellom følgjande aktivitetar: mat, dans, kor, band eller moglegheita til å «henge» og være sosial. JoinUs har songe på julemessa som var i Tunet. Med seg på laget har de dyktige ungdommar som er med å vidareutvikle konseptet JoinUs.

Leiarsamling

I løpet av 2022 har vi hatt to ledersamlinger, i august samlast ungdomsledarene seg ein kveld i lag med: Martin Bakke Slåttsveen, Anna Blindheim Skjælaaen og tidlegare ungdomsarbeidar Ivar Stensland til ein lederkveld, med WorkShop i St. Jakobs kyrkje, escaperom og pizza etterpå, her gjekk de igjennom året som hadde vert, året som kom og kva de tenkte var viktig! For ungdomsarbeidet "drivast av ungdom for ungdom"

I haustferien drog Ingvild Hallesby Evjedal, Roar Evjedal, Martin Bakke Slåttsveen og Anna Blindheim Skjælaaen med 18 ungdommar på ledertur til Barrow in Furness i England. Her fekk de omvisingar i ulike kyrkjelyder, høyre om ungdomsarbeid og kva aktivitet de gjorde, deira historie og sin rolle i arbeidet. De fekk også være med å sjå klesbanken til kyrkjelyden «St Marks Clothes Bank Community» og sjå korleis de delte ut klede. Dei hadde også eige ledersamlinger der dei fekk reflektere over kva dei hadde opplevd og samanlikne kva de gjorde i Noreg.

KRIK Os

KRIK Os er ein viktig samarbeidspartner til Ungdomstunet. De er med på store prosjekt som Galla, leir, happening. De har trenignar i gymsalen Os aktiv og Os barneskule. De arrangerer KRIK-treningar kvar fredag kl 18.00-19.30, de har mellom 10-20 ungdommar på kvar treningar. Eit viktig lokallag som ungdomstunet er avhengig av for å drive rekruttering og drift.



Leir og andre aktivitetar

I 2022 vart det gjennomført 3 leirar i regi av Ungdomstunet.

Mars 2022 hadde JoinUs ein eigen SosialWeekend på Fjon fjellkyrkje, med fokus på samhald og planlegging av JoinUs. Seinare i måneden var dei på konsert til TenSing Norway i St. Jakobs kyrkje, begge delar var eins stor suksess. Ivar Stensland & Martin Bakke Slåttsveen

Sommarferien 2022 var det den årlege leiren i lag med Birkeland og Sædalen menighet, med mange kjekke aktivitetar, fellesskap og relasjonsbygging mellom ungdommar og leiare for viktige samarbeid fremover. Roar Hallesby Evjedal

September: Den årlege SosialWeekend på Raknestunet vart gjennomført, om lag 40 ungdommar dro på leir, her hadde de mange kjekke aktiviter, planlegging, fellesskap og relasjonsbygging. Eit viktig årleg arrangement for å bygge ungdomstunet. Martin Bakke Slåttsveen, Roar Hallesby Evjedal, Anna Blindheim Skjælaaen & Gro Blindheim Skjælaaen

Ungt leiarforum (ULF)

ULF møtast ein søndag i månaden heime hos Ingvild og Roar Hallesby Evjedal. Det er ei samling for ungdom som har ein type leiaroppgåve i ungomsarbeidet, søndagsskule, trusopplæring, gudsteneste. Kveldane er lagt opp med mat, undervisning og prat, sosial tid og kveldsbøn. Om lag 20 ungdommar er tilknytte ULF. ULF-gjengen var på inspirasjonstur til England i haustferien 2022.



Begge foto: Martin Bakke Slåttsveen

Avlyste arrangement

Det vart ikkje gjennomført OsLan 2022 grunne manglande ressursar og nøkkelpersonar for gjennomføring. I ein vanskeleg prioritering av kva aktivitetar vi skal satse på er det ikkje planlagt å ta OsLAN opp att som stabsinitiert aktivitet i 2023.

17. mai-feiringa på Os endra reiseruta for toget slik at det ikkje lenger vart eit naturleg samlingspunkt for folk å møtast på Kyrkjeflaten som vanleg. Dette førte til at ungdommane ikkje ynskte å bruke sine frivillige krefter på kioskdirift på grunnlovsdagen i år. I dialog med kommunen og 17. mai-komiteen som er i etableringsfasen i Bjørnafjorden ser Ungdomstunet på høvet til å gjenoppta verksemda i 2023.

Kommunikasjon

Ungdomstunet har mange digitale kommunikasjonsplattformer, i tillegg til kyrkjelyden sine trykte medieflater (Kyrkjeblad, plakattoppslag, annonsering og kunngjeringsark)

Instagram - @ungdomstunet

Facebook - @ungdomstunet

Snapchat - @Ungdomstunet

Nettside – www.ungdomstunet.net

Spond – se nettside

Vi ynskjer å takke alle frivillige krefter samarbeidspartar som er med å bidra til ungdomstunet for gjennomføring av aktivitetar!

Diakoni

kyrkja sitt omsorgsarbeid

Os kyrkjelyd har eit omfattande diakonalt arbeid, og omsorgsdimensjonen finst i nært sagt alle våre tiltak og aktivitetsområde. Kyrkja sitt diakonale arbeid er forankra i diakoniplanen som utarbeidast og reviderast av eit eige utval, oppnemnt og støtta av soknerådet. I tråd med denne planen ynskjer vi at vårt omsorgsarbeid skal visast gjennom inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

I 2022 vart det gjennomført eit stort antal diakonale tiltak. Det frivillige engasjement kring desse tiltaka er stort og bidreg til at vi kan gjennomføre mykje på relativt knappe ressursar. Mange fortener å nemnast i dette, og kvart enkelt tiltak burde fått nærare omtale. Av plass- og tidsomsyn må vi her likevel nøye oss med eit utval.

- **Alphakurs:** Storsamling med kveldsmat, gruppesamling og undervisning
- **Bønnebrev:** Sendt ut på mail med bøn for arbeidet og arbeidarar i menigheten
- Crux barnevern; 1 open **temasamling i Tunet:** Korleis møter vi dei sårbare barna?
- **Eldretreff** i Kløvertun - her har fleire frå stab delteke og bidrege ved høve
- **Senior-Koinonia** i Tunet - fellesskap, mat og godt program, stødige drive av frivillige
- **Lunsjtreff for seniorar** i Nore Neset kyrkje - sosialt og opent for alle, drive av frivillige lokale krefter
- **Fasteaksjonen 2022:** Konfirmantane sto i breisjen då kyrkjelyden gjennom solid innsats frå både ungdommar, foreldre og andre frivillige samla inn kr. 167.435,- til Kirkens Nødhjelp våren 2022. Sokneprest Roar mått hoppe i havet med prestekjolen på for å hedre innsatsen og resultatet!

- **Foreldre møter foreldre:** 3 omgangar med 7-8 gruppesamlingar der vegleiing og samtale om foreldrerolla er i fokus. Felles prosjekt med Familiens Hus i Bjørnafjorden kommune, støtta av BUFDIR. I tillegg til mat og program for dei vaksne er det tilbod om barnepass/aktivitet for barna. Her har både frivillige og unge assistentar delteke.
- Stor samling for **frivillige** 2 gonger i løpet av året.
- **"Vår dag"** - vi markerte i juni Frivillighetens dag, Skaperverkets søndag og soknerådets sommarfest på ein og samme dag. Tunet var fullt av menneske, mat og program - innsamlingsløp for Tunet, tryllekunstnar Ruben Gazki og innslag frå fleire hald i kyrkjelyden. Ei vellukka feiring av fellesskapet!
- Kyrkjelyden deltok på "Gatefest" på Osøyro med m.a. **gjenbruksshow** på raud løpar og sal av redegisningsklær til inntekt for tilbodet Språkkafeen
- **Språkkafeen** er ein mangfaldig møteplass arrangert av Os kyrkjelyd i lag med Norsk Folkehjelp i Os og Sanitetsforeningane i Os. I løpet av året hadde vi m.a. internasjonal fest med kurdisk mat. 15 nasjonar var representerte denne kvelden.
- **Os Haustcamp:** Arrangement for born og ungdom i haustferien med samvær og aktivitet på dagtid.



Foto: Ole Henrik Kongsvik

- **Søndagssamlingar** er eigne arrangement med gudsteneste-element som er særskild tilrettelagt for menneske med utviklingshemming, men opne for alle. Det vart arrangert 5 slike samlingar i 2022.
 - **Konfirmantgruppa "Saman forAndre"** hadde fokus på diakonal innsats og omsorgsarbeid lokalt med konfirmantkullet 21/22.
 - **Sorggruppe:** Opent tilbod for sørgjande til å delta i samtale og samvær på faste tidspunkt i Tunet.
 - **To innsamlingskonserter i Os kyrkje** i solidaritet med krigsofra i Ukraina, der kyrkja var medarrangør. Den fyrste kom raskt på plakaten i mars etter invasjonen av Ukraina i februar, medan den neste fann stad tradisjonen tru i førjulstida, 15. desember. Lokale artister bidreg og konsertane samla inn store beløp til inntekt for Flyktningshjelpen.
 - Ungdomstilbodet "**Springbrett**" fekk prosjektstøtte frå kommunen (integreringsmidler) for å tilby oppfølging, trening i frivillig arbeid og løna oppgåver innan kyrkja til ungdommar. Dette kom i gang hausten 2022.
 - Diakon deltok i kommunens **TV-aksjonenkomité**, og frivillige stelte til i aksjonskafé til bøssebærarane
 - Ungdom, og styrking av ungdomsarbeidet: Diakon var tilstades om lag ein onsdag i månaden om hausten som miljøarbeidar og støtte for ungdomsarbeidet. Faste samarbeidsmøter i stab for å koordinere tilbodet for ungdom der òg diakon deltok.
 - **Førjulsfest** med utdeling av julegaver til barna. Godt over 100 personar deltok og fekk ei god fellesskapsoppleving i lag før jul, og arrangementet vart i stor grad drifta av dyktige frivillige krefter.
 - **KA-film om samskaping/Venneveko** spilt inn i Os: tema venneveko: KA sendte filmteam frå Oslo; Diakon, daglig leder, SLT koordinator og kreftkoordinator i kommunen deltok i filmen.
 - **Venneveko:** Vi sette fokus på inkludering og lyfta fram våre opne sosiale møteplassar denne veka når vi vet at 10 -20% av ungdom i ung data undersøkelsen kunne bli si at de ikkje hadde ikkje en nær venn de kan betro seg til, blir venneveko fortsatt viktig å jobbe med inkludering .
- Mange gode initiativ kom og vart gjennomførte, takka vere villige og driftige medarbeidarar og gode samarbeid. Dette er ein del av vår kjerneverksemd som kyrkjelyd og kristent fellesskap, og vi ser fram til å vidareføre dette i 2023.

Musikk i kyrkja

Musikken i kyrkja er ein svært viktig del av både gudstenester, seremoniar, i samspel og leik og til refleksjon. I tillegg til barnekora og samlingane som allereie er skildra i andre avsnitt har vi andre tilbod og tiltak der musikken som eit felles språk hjelper oss å knyte relasjonar til kvarandre og til Gud.

Dei fyrste månadane av 2022 heldt fram som korona-år nr. 3. Nokre konsertar i januar og februar måtte avlysast. Frå mars blei dei siste koronarestriksjonane droppa.

Lokale messer

I juni framførte vi Norvald Kobbeltvedt sin Folketonemesse for orkester og kor. Verket var eit bestillingsverk frå 150-års-jubileet i 2020. Vi har framover eit ynskje om å sette opp dette verket i partalsår og Aasmund Brekke sin jazzmesse i oddetalsår.

Korarbeid

Vi hadde to prosjektkor: eit påskekor som stilte opp 1. påskedag, og eit kor som sang Folketonemesse til ei gudsteneste søndag den 19. juni.

Orgelklubb

Vi har hatt ein orgelklubb for barn, alder 9-13. Det var to i klubben og vi møttest ein gong per måned. Dei to elevane har spelt til gudstenester både i Os og i Nore Neset kyrkjer. I haust var det ingen som meldte seg på.



Frå solidaritetskonsert i Os kyrkje. Foto: Martin Bakke Slåttsveen

Open kyrkje

Med Open kyrkje tilbod frivillige i kyrkjelyden eit ope kyrkjerom for stillheit og meditasjon, i blant med høveleg tonefølgje frå kantor på orgelet.


Ressursar i stab og blant frivillige

Etter 1. februar 2022 var kantor åleine som organist. i staben. Det vart difor naudsynt med utstrakt bruk av vikarar utover året for å få kabalen til å gå opp. Ved større gudstenester og høgtider har det vore tradisjon for å bruke lokale musikalske krefter for å gje eit ekstra lyft til musikken. Dette gjaldt til dømes ved påsketid, til konfirmasjonsgudstenestene og i juledagane. Kyrkjelyden er heldige som har slike ressursar tilgjengeleg.

Instrument

Orgelet i Os kyrkje er 66 år gammalt og viser aldersteikn. I januar var det mykje arbeid på dette orgelet. Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand. Pianoa i Os og Nore Neset kyrkjer og flygelet i stor-salen er i god stand, men treng regulering i framtida.

Kommunikasjon



Os kyrkjelyd ynskjer å vere synlig og ha informasjon tilgjengelig for lokalmiljøet. Dette er eit kontinuerleg utviklingsarbeid som krever tid, ressurser og kompetanse. Martin Bakke Slåttsveen har sidan 2021 arbeidd med heile fellesrådet for å jobbe med kyrkjelyden si marknadsføring på sosiale medier og nettsider.

Os kyrkjeblad

Bladet når ut til alle heimar i gamle Os kommune (stempla som offentleg informasjon) og kom i 2022 ut med 3 utgåver, til påske, skulestart og advent. Opplaget er på drøyt 9000 eksemplar. Frå skulestart-nummeret tok vi til å revidere designet på bladet og modernisere uttrykket og innhaldet noko. Dette har vorte godt motteke, og generelt har tilbakemeldingane vore bladet vert godt teke imot og lese av mange.

Annonsering

Vi nyttar framleis annonsering av gudstenester og enkelte andre samlingar og tilstelningar i lokalavisa Os & Fusaposten. Samstundes oppmoder vi til å sjå oppdateringar og finne meir informasjon gjennom digitale kanalar.

Kyrkja på nett

Nettsidene til kyrkjelyden er bygd på Den Norske Kyrkje sin felles plattform, som gjev både moglegheiter og avgrensningar. Det viktigaste for oss er at det skal vere enkelt for kyrkjelyden å finne fram til kva som skjer og når det skjer, og at informasjon om aktivitetstilbodet når ut til bygda.

Os sokn har websida www.kyrkja.no/os der vi kunngrer arrangement og informerer om ulike spørsmål og ordningar. I tillegg legg vi ut alle opne arrangementer på portalen Friskus, som kommunen legg opp til at alle organisasjonar i Bjørnafjorden skal nytta.

Os kyrkjelyd har òg ein Facebook-side, der aktuelle arrangement/samlingar blir kunngrjort. Ofte deler vi kunngrjingar frå web-sida via Facebook. Slik blir publikum geleida inn på vår eigen nettside der ein finn meir informasjon og m.a. digital påmelding til mange av arrangementa våre.

Konfirmant-arbeidet har fått eigne kanalar i sosiale medier, både på Instagram og Facebook. Dette er for å gje nett denne aldersgruppa (inkludert til dømes neste års konfirmant-kandidatar) eit ekstra innblikk i dei mange spennande opplevingane i konfirmant-året.

I 2022 tok dessutan kyrkjelyden i bruk appen Spond for påmelding til enkelte gjentakande arrangement, mellom anna barnekor og fredagstaco. Denne tenesta er kjent for mange idrettsforeldre frå før og har fleire fordelar for oss som administrerer slike tiltak.

Os Sokn

Årsregnskap 2022

Driftsregnskap

	Note	Regnskap 2022	Revidert budsjett 2022	Opprinnelig budsjett 2022	Regnskap 2021
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter		-1 830 698	-965 000	-975 500	-1 442 795
Refusjoner/overføringer		-266 437	-214 000	-174 000	-209 421
Statlige tilskudd		-89 307	-	-	-
Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke		-	-	-	-60 000
Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.		-78 303	-132 000	-70 000	-121 000
Tilskudd fra soknets organer		-38 000	-1 090 500	-1 215 500	-383 800
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler		-1 437 786	-1 354 446	-1 415 000	-1 186 391
Sum driftsinntekter	5	-3 740 531	-3 755 946	-3 850 000	-3 403 407
Kjøp av varer og tjenester		1 636 940	1 794 508	1 550 500	1 296 409
Refusjoner/overføringer		596 440	570 353	674 000	870 501
Tilskudd og gaver		504 052	649 433	605 500	219 167
Sum driftsutgifter	5	2 737 433	3 014 294	2 830 000	2 386 076
BRUTTO DRIFTSRESULTAT		-1 003 098	-741 652	-1 020 000	-1 017 331
Renteinntekter og utbytte		-49 276			-14 076
Renteutgifter og låneomkostninger	4	465 159	403 822	440 000	331 943
Avdrag på lån	4	584 540	578 540	580 000	584 540
Netto finansinntekter/-utgifter		1 000 423	982 362	1 020 000	902 407
Avskrivninger	4	793 913		-	814 713
Motpost avskrivninger	4	-793 913		-	-814 713
NETTO DRIFTSRESULTAT		-2 675	240 710	-	-114 924
Bruk av disposisjonsfond	2,6	-71 000	-147 330	-	-50 000
Bruk av bundne fond	2,6	-129 781	-93 380	-	-
Sum bruk av avsetninger		-200 781	-240 710	-	-50 000
Avsatt til disposisjonsfond	2,6	203 457	-	-	128 997
Avsatt til bundne fond	2,6	-	-	-	35 927
Sum avsetninger		203 457	-	-	164 924
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK		0	0	0	0

Balanse

Os Sokn

	Note	2022	2021
Anleggsmidler		33 545 791	34 339 704
Faste eiendommer og anlegg	4	33 450 729	34 220 875
Utstyr, maskiner og transportmidler	4	95 062	118 829
Omløpsmidler		2 824 827	2 437 728
Kortsiktig fordringer		410 189	484 213
Kasse, bankinnskudd		2 414 638	1 953 515
SUM EIENDELER		36 370 618	36 777 432
Egenkapital		-20 836 431	-21 043 129
Disposisjonsfond	2,6	-748 637	-616 180
Bundne driftsfond	2,6	-1 275 733	-1 405 515
Kapitalkonto	3	-18 812 061	-19 021 435
Langsiktig gjeld		-14 733 730	-15 318 270
Andre lån	4	-14 733 730	-15 318 270
Kortsiktig gjeld		-800 457	-416 033
Annen kortsiktig gjeld		-800 457	-416 033
SUM EK OG GJELD		-36 370 618	-36 777 432

Dato: 21.04.2023



Sigurd Rotvik Tunestveit
Dagleg leiar, Os Sokn



Bente Brøvig Strømme
Leiar, Os sokneråd

Note 1: Rekneskapsprinsipp og vurderingsregler

Rekneskapet for soknet er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja fastsett av Barne- og familiedepartementet 8. desember 2020 og god kommunal rekneskapskikk.

kommunale rekneskapsprinsippa inneber mellom anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter vert tekne med i drifts- eller investeringsrekneskapet. I balanserekneskapet er omløpsmidlar vurdert etter lavaste verdi sitt prinsipp. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid er avskreve med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid. Sjå elles eigen note om anleggsmidlar.

Note 2: Avsetningar

Spesifikasjon over fond, avsetningar til og bruk av fond 2022.

Konto	Type fond	IB	Årets avsetningar	Årets bruk av avsetningar	UB
5.56-5.58	Disposisjonsfond	616 180	203 457	71 000	748 637
5.51-5.52	Bundne driftsfond	1 405 515		129 781	1 275 733
	SUM:	2 628 659	203 457	200 781	2 024 370

Note 3: Transaksjonar ført mot kapitalkonto

Dato	Beløp	Tekst
01.01.2022	19 021 435	IB
I løpet av året	-793 913	Avskrivning
I løpet av året	584 540	Avdrag lån
31.12.2022	18 812 061	UB

Note 4: Anleggsmidlar og lån

Konto 5240000 Utstyr, maskiner og transportmidlar

Akkumulert anskaffingsverdi	445 670
Tidlegare års avskrivningar	326 841
Årets avskrivning	23 767
Balanseført verdi 31/12-22	95 062

Konto 5270000 Faste eigedomar og anlegg

Akkumulert anskaffingsverdi	38 507 198
Tidlegare års avskrivningar	4 286 323
Årets avskrivning	770 146
Balanseført verdi 31/12-22	33 450 729

5452001 Lån Kommunalbanken AS

I 2013 vart det teke opp eit lån på kr 6 450 000, for bygging av ny kontorfløy i Kyrkjelydshuset.

Terminar: 2 per år.

Løpetid: 38 år

Rente: Renta for 2022 er utgiftsført med kr 193 430. Av dette er kr 72 151 ikkje forfalle pr 31.12.22.

Lån pr 31.12.21	5 092 080
Avdrag	169 740
<u>Restlån pr 31.12.22</u>	<u>4 922 340</u>

5452002 Lån Kommunalbanken AS, Kyrkjetunet byggetrinn III

I 2016 vart det teke opp eit lån på kr 14 000 000, for utbygging av Kyrkjetunet.

Rente: Renta for 2022 er utgiftsført med kr 271 729. Av dette er kr 103 261 ikkje forfalle pr 31.12.22.

Lån pr 31.12.21	10 220 190
Avdrag	408 800
<u>Restlån pr 31.12.21</u>	<u>9 811 390</u>

5457501 Lånegåve Kyrkjetunet

Os Sokn har teke imot lånegåver til bygging av Kyrkjetunet.

Heile lånet er avsett til fond.

Faste avdrag vert ført årleg, og inntektsført som gåver. Lånet er rentefritt.

Lån pr 31.12.21	6 000
Avdrag	6 000
<u>Restlån pr 31.12.22</u>	<u>0</u>

Note 5: Korona

Koronapandemien som kom i mars 2020 har ført til reduserte aktivitetar, og har dermed påverka resultatet både i år 2021 og i begynnelsen av år 2022.

Note 6: Meir-/mindreforbruk

Os sokn har hverken hatt planer om å ha eller har hatt investeringer i 2022.

Fordeling av julemessemidlar frå 2021 kr 71 000,- er dekkja ved bruk av fond "Julemessemidler".

Restbeløpet av julemessemidlar frå 2021 vert fordelt i år 2023.

Av årets julemessemidler er kr 83 000 avsett til fond "Julemessemidler".

Meirforbruket på kyrkjelydshuset kr 129 781 er dekkja av bunde driftsfond "Kyrkjelydshus i Os fond".

Årsresultatet på kr 120 457 er satt av til fondet Kyrkjelydsbyggjande tiltak iht. vedtak i Os sokneråd.

Takk til alle frivillige!

Året 2022 starta med restriksjonar og smittevern men frå april av vart det opna for vanleg samvær. Handsprit og deltakarlistar vart erstatta med dei opprinnelege oppgåvene for kyrkjevertane; å ønske vel møtt, dele ut program og salmebøker, hjelpe til rette som dåpsvert og å ta inn kollekt.

Svak nedgang i talet på frivillige gudstenestemedhjelparar (inkludert kyrkjekaffivertar) frå 65 før korona til 61 etter korona.

Innan trusopplæring, tiltak for barn og familier og i ungdomsarbeidet er tala om lag som følgjer:
Ca. 30 frivillige har vore i sving i trusopplæringa for 1-12-åringar.

20 frivillige på barnesamlingar, Familiekoret Shubadubs, Tunet barnekor, TweenSing og Laurdagssprell.

45 frivillige i Ungdomsarbeidet Join Us, Ungdomstunet og Ungdoms-KRIK.

14 frivillige ungdommar ved to konfirmantsamlingar..

Diakoniutvalet med 4 frivillige jobba aktivt i 2022, og på hausten kom òg gudstenesteutvalet med 5 frivillige i gang. Julemessekomiteen og Nore Neset-utvalet er òg frivillige arbeidsgjengar som har hatt jamne møte og lagt ned eit solid arbeid.

Rundt 100 frivillige har delteke i diakonalt arbeid som mellom anna Språkkafeen og anna integreringsretta og miljøskapande arbeid, leksehjelp, Fasteaksjonen 2022, Sommarskule og Haustskule, «Foreldre møter foreldre» og ikkje minst julegraut-arrangement med utdeling av gåver til alle barn som deltok.

Det er ca 30 frivillige i Senior-Koinonia, Eldretreff, TITT inkl. alle som syng, talar og underheld.

Kyrkjelydens julemesse vart som vanleg planlagt og gjennomført av utpeikt julemessekomite og 35 frivillige messedagen 19. november. I tillegg var eit stort antal aktive seljarar av loddbøker - 200 i alt - og overskotet, som går til arbeidet for barn og unge i og rundt kyrkjelyden, kom på over 160.000,-

Med tilbakeblikk på 2022 og innsatsen til alle frivillige medhjelparar som gjev tid og krefter til det viktige arbeidet kyrkjelyden kan vi konstatere at vi har eit prima lag av heltar som både er trufaste og dyktige!

Nær Kristus Nær kvarandre Nær kvardagen



DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd

| Årsrapport 2022

Utjevar

Os sokn, org. nr. 976 995 155
Postboks 209, 5202 Os

Soknerådsleiar

Bente Brøvig Strømme
bentebstromme@gmail.com

Dagleg leiar

Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

Nettside

www.kyrkja.no/os

Opningstid kontor

Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

Kontakt

Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no

Til Os sokn

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Os sokn. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2022 og driftsregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Os sokn per 31. desember 2022, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av soknet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Soknerådet og daglig leder er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Soknerådet og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide og fastsette årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 26. april 2023
BDO AS



Solveig Bø Dalstø
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)